

Skulereglement for Sogn Jord- og Hagebruksskule

Gitt med tilvising til § 3 –7 og kapittel 9a i Opplæringslova.

Vedteke i skuleutvalet **28.05.2014**

Gjeldande frå **01.07.2014** og inntil ny revisjon av ordensreglementet er vedteke.

§ 1. Formål

Skulereglementet skal medverke til godt arbeids- og læringsmiljø og til positiv sosial utvikling for elevane.

§ 2. Verkeområde

Reglementet gjeld for alle som er under opplæring ved skulen og gjeld også på ekskursjonar og aktivitetar i regi av skulen utanfor skuleområdet.

§ 3. Elevane har rett

- til opplæring, hjelp og rettleiing i samsvar med lover og føresegner som til ei kvar tid gjeld.
- til opplæring tilpassa evnene og føresetnadane til den enkelte
- til løpande undervegsvurdering og sluttvurdering av kunnskap og ferdigheiter i høve til måla i læreplanen
- til å delta i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa i tråd med gjeldande reglar
- til å ta opp med skulen/ bør ta opp med skulen når læringsmiljøet ikkje er godt eller at rettane elevane har i opplæringa ikkje vert oppfylte.
- til og også plikt til å opprette elevråd. Skulen skal leggje til rette for best mogleg arbeidsforhold for elevrådsarbeid. Elevrådsrepresentantane har rett til jamlege møte med skuleleiinga.
- skulehelseteneste

§ 4. Elevane pliktar

- å delta aktivt i opplæringa
- å skaffe det undervisingsutstyret og opplæringsmateriellet som vert kravd
- å levera oppgåver, prosjektarbeid, teikningar og anna arbeid som vert pålagt dei
- å møte til undervisings til fastsett og ha med nødvendig materiell og utstyr for å kunne delta aktivt i undervisinga
- å bruke verneutstyr som er pålagt og følgje reglar for helse, miljø og tryggleik
- å melde fråvær på fastsett skjema
- å medverka aktivt til godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsformer på i skulesamfunnet
- å oppføre seg høfleg og realt og seia i frå til den som opptrer krenkande overfor andre
- å gje skriftleg melding dersom han/ho vil avslutte opplæringa før den er fullført
- å melda frå om skade på bygningar, inventar og utstyr på skulen sin eigedom

§ 5. Orden, åtfærd og fusk

God orden er mellom anna at elevane

- møter til rett tid til teoritimar og øvingar
- møter førebudd til undervisinga
- har lite ugyldig fråvæ
- leverer oppgåver og gjennomfører prøvar til fastsett tid
- har med seg nødvendig materiell og utstyr til timane

God åtfærd er at elevane

- viser vanleg folkeskikk
- er høflege og viser omsyn og respekt
- ikkje fuskar eller prøver å fuske på oppgåver, prøvar og eksamen
- arbeider aktivt mot mobbing og anna ikkje akseptert åtfærd
- følgjer avtalte spelereglar i skulesamfunnet

Fusk eller forsøk på fusk er uærlig og dermed uakseptabel åtfærd. Det fører til at oppgåva eller prøven vert annullert og gjev som hovudregel nedsett karakter i åtfærd.

Følgjande vert rekna som fusk: Samarbeid med andre, avskrift/kopi av andre sitt arbeid og bruk av hjelpemiddel som ein ikkje på førehand har fått løyve til å bruke.

§ 6. Åtfærd som ikkje er akseptert

Det er forbode å

- vise seg rusa og oppbevara eller bruke rusmiddel i skuletida og på skuleområdet. Dersom det er mistanke om oppbevaring, bruk eller sal av narkotiske stoff vil forholdet verta meld til politiet
- å bruke tobakk anten det er snus, skråtobakk eller sigarettar i skulen sine lokale og på skulen sine område gjennom heile døgnet med unnatak av røykeplass på baksida av treverkstad. Skulen sitt område er i denne samanheng definert som det skraverte området på vedlagt kartskisse og røykeplass er merka med kryss. Sjå vedlegg 1.
- å bruke tobakk anten det er snus, skråtobakk eller sigarettar i skuletida
- ta dyr inn i skulen sine bygningar utan særskilt løyve
- bruke skulen sitt datautstyr til lesing, nedlasting eller spreiding av pornografisk, rasistisk eller anna krenkande materiale

§ 7. Fråvæ

- Når det gjeld fråvæ vert det vist til gjeldande Felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane. Lenkje [HER](#)

§ 8. Reglar for ekskursjonar og utferder

Målet med ekskursjonsreglane er at utferdene skal bli mest mogleg vellykka og at vi skal unngå konfliktar og uhell. Ein ekskursjon er ein del av opplæring på skulen. I tillegg til skulereglementet elles gjeld følgjande:

- Alle skal gjera sitt til å skapa eit godt sosialt miljø og godt fagleg utbytte på turen.
- Ansvarleg lærar set opp tider for avreise oppmøte undervegs. Alle skal møte i god tid til oppsette tidspunkt.
- Alle skal rette seg etter det læraren seier. Individuelle avtaler skal takast direkte med ansvarleg lærar.
- Elevar som fer ut på eiga hand skal ha avtale med lærar kvar dei skal og når dei skal koma tilbake.

- Dersom noko skulle inntreffe, slik at nokon ikkje kjem tilbake til avtalt tid, skal ansvarleg lærar få melding så snart som mogleg.
- Brot på ein eller fleire av desse reglane kan få konsekvensar for eleven sin karakter i orden og åtferd - og i verste fall føre til at eleven vert sendt heim på eiga rekning.

§ 9. Særskilde tilleggsreglar

- Skulen sitt utstyr skal brukast med varsemd og omtanke. Elevar kan risikera å bli økonomisk ansvarlege dersom noko vert øydelagt som følge av manglande omtanke.
- Kommersiell aktivitet skal ikkje førekoma på skulen med mindre det er avtala med skuleleiinga.
- Mobiltelefonar og MP3-spelarar skal vera avslegne i timar og øvingar.
- For Internatet på Sogn Jord- og Hagebrukskule gjeld egne husreglar som dei som bur og/eller et på Internatet eller brukar elevkjøkkena på skulen må følgja. **sjå vedlegg 3.**
- Det er ikkje høve til å ta kjæledyr inn i skulen sine bygningar eller i skulen sine bilar.
- For bruk av IKT - ressursar som PC-ar, nettverk, program og liknande gjeld fylkeskommunen sitt IKT-reglement for elevar og tilsette i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. **Sjå vedlegg 2.**

§ 10. Om brot på skulereglementet

Brot på skulereglementet **kan** føra til iverksetjing av

A. Refsingstiltak - som kan vera

- nedsett karakter i orden og åtferd
- påtale frå overordna
- bortvising frå klassa resten av timen etter faglærar si avgjerd
- bortvising frå skulen resten av dagen etter rektor si avgjerd etter samråd med eleven sine lærarar

B. Særskilt tiltak - som kan vera

- utestenging frå undervisinga i inntil 5 dagar etter rektor si avgjerd etter samråd med eleven sine lærarar
- fylkesdirektøren for opplæring har mynde til å vise bort for resten av skuleåret
- hovudutval for opplæring har mynde til gjere vedtak om tap av rett til vgo.

§ 11. Saksgang ved refsing og særskilde tiltak

- Før refsingstiltak vert sett i verk skal eleven ha høve til å uttala seg direkte til den som tek avgjerd om refs
- Før særskilt tiltak vert sett i verk skal det sosialpedagogiske personalet ha hatt høve til å uttala seg
- Særskilt tiltak kan nyttast dersom refsingstiltak etter punkt A ovanfor og hjelpemiddel som skulen rår over ikkje fører til betring.
- Før det blir fatta vedtak om tap av rettar eller bortvising skal eleven ha skriftleg varsel med opplysingar om grunnlaget for vedtaket.
- Skulen skal føre notat over alle dei tiltak som vert sette i verk i samband med brot på skulereglement
- Klage på utestenging kan rettast til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Opplæringsavdelinga. Klage på tap av rett til vidaregåande opplæring kan sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

§ 12. Kontakt og samarbeid mellom skule og heim

Slikt samarbeid vert organisert gjennom foreldremøte og/eller ved konferanse mellom foreldre/føresette og skulen. *Gjeld elevar som er under 18 år.*

Elevar og foreldre/føresette har rett til slik informasjon:

- Informasjon om skulereglementet
- Melding om termin- og standpunkt - karakter
- Melding om at eleven har høgt fråvær
- Varsel om fare for at eleven ikkje får vurdering i fag, og grunnen til dette.
- Varsel om fare for nedsett karakter i orden og/eller åtferd, og grunnen til dette.
- Melding om gjentekne refsingstiltak
- Informasjon dersom ein vesentleg del av opplæringa skal gå føre seg utanfor skulen
- Informasjon om spesielt risikofull opplæring/aktivitet
- Informasjon om særskilde problem i forhold til opplæringa/skulegangen og behov for spesialundervisning og/eller sosialpedagogiske tilbod
- Informasjon om høve til å samarbeide om å utforme sosialpedagogiske tilbod til eleven
- Melding om bortvising frå internat

§ 13. Organisasjonsarbeid og politisk aktivitet på skulane

Etter avtale med rektor kan elev- og ungdomsorganisasjonar, inkludert politiske parti, drive organisasjonsarbeid og politisk aktivitet på skulen, i og utanom skuletida. Aktivitetane skal gjennomførast på tilvist plass, og dei skal ikkje gå ut over undervisninga.

Vedlegg 1

I skravert sone er all form for tobakksbruk forbode døgnet rundt heile året, med unntak av røykeplass bak treverkstad (avmerka med pil). Der er det lov å røyka utanom skuletida.



IKT Reglement

IKT-reglement for elevar og tilsette i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane

§ 1 Virkeområde

Dette reglementet gjeld for elevar og tilsette som brukar skulen sine IKT- ressursar som PC-ar, nettverk, program og læringsplattform. Reglementet gjeld og bruk av andre sine IKT -ressursar når dei vert brukte i samband med skulen. Vi viser elles til felles skulereglement og etiske retningslinjer for fylkeskommunen.

§ 2 Bruk av IKT- ressursar

Skulen sine IKT- ressursar skal brukast for å oppfylle skulen sine formål og læreplanmål. Ein må vere registrert som elev, lærling eller tilsett ved skulen eller ved ein annan skule i fylket for å få tildelt brukaridentitet og/eller tilgang til å bruke skulen sine IKT - ressursar. Rektor kan ved særskilde høve gi andre avgrensa tilgang.

Passordet skal haldast hemmeleg og skal berre brukast av deg. Ein skal ikkje prøve eller tilegne seg andre sin brukaridentitet eller passord, eller å la uvedkommande nytte din brukaridentitet.

Ein skal ikkje bruke IKT- utstyr i skulen på ein måte som opptar større ressursar enn naudsynt eller som strid mot opphavsrettslege høve. Ein skal heller ikkje nytte skulen sine IKT - ressursar til privat kommersiell verksemd eller til handlingar som krenkar grenser for sømeleg åtferd.

§ 3 Rettar og ansvar

Brukarar har krav på at personvern og integritet til eigne data ikkje vert krenka. Skulen vil kunne logge nettverksaktivitet, men skal ikkje lese innhald i private meldingar eller filer. Skulen vil ikkje utlevere loggar med mindre det vert pålagt av rettsvesen, gjennom dom eller lover.

Brukarar er ansvarlege for dei data som dei lagar eller handsamar på skulen. Skulen sine lokale og IKT - utstyr skal ikkje nyttast til å produsere, lagre eller distribuere nokre former for datainnhald som kan oppfattast krenkjande eller sårande eller som strid mot gjeldande lover og reglar.

Brukarane er sjølve ansvarlege for å ta sikkerheitskopi av eigne data dersom ikkje anna er avtala. Ved høve kan det krevjast at filer vert sletta frå sentrale lagringssystem. Dersom slikt pålegg om sletting ikkje vert følgt, kan naudsynt sletting gjerast av skulen sitt IKT - personell.

§ 4 Inngrep og sanksjonar

Skulen sitt driftspersonell har som oppgåve å sikre funksjonaliteten til IKT- systema. Dei kan utføre inngrep for å ta i vare funksjonalitet når dette er naudsynt. Ved slike inngrep skal brukar varslast så snart som praktisk muleg.

Brot på IKT- reglementet vil føre til sanksjonar. Skulen kan krevje at IKT - utstyr blir tatt ut av bruk dersom det ligg føre regelbrot eller for å sikre drifta av datasystem og nettverk. Skulen kan og innskrenke ein brukar sine rettar ved misbruk eller feilbruk.

Misbruk av IKT - utstyr eller andre brot på regelverk kan også føre til nedsett ordens- og/eller åtferdskarakter. Lovbrot vil bli meld.

§ 5 Ansvarsfråskrivning

Skulen er ikkje ansvarleg for tap av data eller andre tap som skuldast svikt i interne eller eksterne IKT - tenester. Skulen har ikkje noko ansvar for privat IKT - utstyr.

§ 6 Bruk av privat IKT - utstyr

Privat IKT - utstyr kan brukast i skulen sitt datanett, føresett at dei oppfyller visse minimumskrav til maskin- og programvare.

Skulen kan krevje at nokre program må vere installert på private PC-ar før de kan brukast i skulen sitt datanett. Dette gjeld beskyttelsesprogram (som til dømes oppdaterte antivirus - program). Det kan og vere at det må installerast nødvendig programvare eller opplæringsprogram som eleven treng til læringsarbeidet. Brukarar må sjølve ordne med teknisk support og service på private PC-ar. Skulen skal syte for strøm til lading i undervisingsrom og elles der PC vert nytta.

Det er ikkje tillate å bruke andre dataprogram eller utstyr enn det skulen si IKT - leiing godtar.

§ 7 Bruk av IKT under prøver og eksamen

Den enkelte elev er sjølv ansvarleg for at IKT-bruken under prøver og eksamen er i samsvar med tillatne hjelpemiddel, og at kommunikasjonsmoglegheit ikkje vert nytta utan at det er gitt særskilt løyve til det. Fusk eller forsøk på juks med IKT under prøver eller eksamen fører til bortvisning og nedsett ordens- og åtferdskarakter.

§ 8 Særlege reglar

For spesielle høve som ikkje er dekt av dette IKT - reglementet, har den enkelte institusjon høve til å vedta tilleggsreglar.

Husordensreglar - internatet på Sogn Jord- og Hagebruksskule

(sist revidert februar 2014)

1. Verkeområde

Husordensreglane gjeld for alle hyblar på internatet og andre husvære som skulen disponerer med tilhøyrande opphaldsrom.

2. Trivsel

Alle som bur på skulen har ansvar for kvarandre og å skape eit triveleg miljø for dei som bur og arbeider på internatet.

3. Ro

Dei som bur på internatet skal ikkje forstyrre kvarandre eller andre med unødig støy eller høg musikk. Det skal vera ro på internatet etter kl. 22.00 / kl. 23.00 (fredag+laurdag).

4. Hybelen

Elevane har ansvar for orden og reinhald på sin eigen hybel. Inventar på hybelen må ikkje skadast eller fjernast frå hybelen.

Skjer det skade på hus eller inventar, skal dette meldast til internatansvarleg. Ved forsøpling, hærverk eller annan skade på møblar og inventar, vil eleven bli pålagt å rydde opp. Eleven eller føresette kan bli pålagt erstatningsansvar.

Det kan bli varsla inspeksjon av hyblane. Inspeksjonen vil normalt handle om å sjå til at det er alminneleg god orden i og utanfor rommet. (Før/i feriar kan det bli inspeksjon utan varsel for å sjå til at vindauge er lukka/varmomnar er under kontroll.)

5. Orden

Sko, kle og fritidsutstyr skal plasserast i hyller på tilvist plass; ikkje i gang eller fellesrom. Arbeidssko skal haldast reine. (Syklar i sykkelskur o.l.)

6. Kjæledyr

Det er ikkje høve til å ha kjæledyr på internatet, men skulen kan gjera unntak.

7. Måltid

Frukost, middag og kvelds vert servert i matsalen:

Frukost	07.00 – 08.00
Middag	11.30 – 12.00
Kveldsmat	17.30 – 19.30

Kveldsmåltid vert organisert av bebruarane på internatet i samarbeid med internatkjøkenet.

8. Matlaging i helgene

skal gjerast på tilvist elevkjøken. Det er ikkje høve til å ta med seg mat, koppar/fat o.l. frå matsalen.

9. Røyking

Det er røykeforbod på internatet.

10. Rusmidlar

Det er ikkje lov å bruke eller oppbevare rusmidlar på internatet. Det er heller ikkje lov å opphalde seg rusa på internatet eller skuleområdet elles.

11. Røykelse

Det er ikkje lov å bruke røykelse på Internatet og elevkjøkkena.

12. Besøk på internatet

Den enkelte leigetakar er ansvarleg for besøk han tek med seg på internatet. Besøkande skal vera ute av internatet kl. 22.00/kl. 23.00 (fredag+laurdag). Dersom leigebuaren skal ha overnattingsgjester må dette avtalast på førehand med ekspedisjonen / den som har vakt.

13. Våpen og ammunisjon

Det er forbode å oppbevare våpen på internatet.

14. Hybelleige

Eleven teiknar kontrakt for hybelleige. Det er 1 mnd. oppseiingstid på hybelen, og denne månaden må det betalast for. Det skal betalast eit nøkkel-/hybeldepositum. Depositumet skal dekke eventuelle tap av nøklar, skade på hybel/inventar, ekstra vask. Depositumet vert betalt attende ved utflytting av hybelen, når nøkkelen er innlevert og rommet er vaska og godkjent for utflytting.

15. Brot på internatreglementet

Dersom det er problem på internatet - brot på internatreglementet, uønska gjester eller andre hendingar som dei som bur på internatet ikkje har kontroll med skal dei ta kontakt med vakthavande på telefon **415 30 740**.

16. Konsekvensar for brot på internatreglementet:

- 1 gangs brot: Skriftlig åtvaring - "gult kort".
- 2. gangs brot: Oppseiing av internatplassen for resten av skuleåret - "raudt kort".

Ved alvorlige og omfattande 1. gangs brot på reglementet kan internatplassen seiast opp for resten av skuleåret. Rektor gjev åtvaring og gjer vedtak om oppseiing av internatplass. Oppseiinga er gjeldande frå tidspunktet vedtaket vert gjort, men med høveleg tid til å omrøme seg for eleven. For dei som er under 18 år vert det gjeve melding til heimen om brot på internatreglane.

Den som bur på rommet har ansvar for at andre ikkje bryt internatreglane på dette rommet. Internatbuarar som tek med seg gjestar som handlar i strid med internatreglementet står til ansvar for dette, og det vert sett på som brot på internatreglane på lik linje med eigne handlingar.

Ikkje betalt hybelleige er brot på kontrakt og fører til automatisk oppseiing av hybelplassen, gjeldande frå avgjerdstidspunktet.